

Frivilligsfest der Arnhild overraska med munnspelet sitt.

21.11.2019



Arnhild Myklebust, ein av mange frivillige på Kafe Tiaren, slo til med munnspelamusikk.

Arnhild Myklebust (83) var ein av mange gjester på Frivilligfesten for Kafe Tiaren onsdag kveld i Gamleskulen. Ho takka for maten, men ikkje nok med det. Ho tok fram munnspelet sitt og overraska alle med melodiane til Nidelven og Jeg går og rusler på Ringerike. Den årlege festen samlar frivillige som legg ned eit stort arbeid for drifta gjennom heile året.

Kafe Tiaren har vore (12 år) og er ein sentral møteplass med samling i Gamleskulen kvar tysdag mellom kl. 11 og kl. 14. Kafeen har sitt eige husorkester og det er allsong den siste tysdagen i månaden.

Årsmeldingane dei siste åra syner jevn og god aktivitet med om lag 50 samlingar i året. Staben er 24 faste kafevertar. I tillegg kjem ringevikarane. Berit H. Døssland og Selma Eik set opp vaktlister med grupper på tre og rullering 8. kvar veke. Alf Hjønnevåg fører rekneskapet og Magne Eik teiknar plakatar.



Årsfesten for alle frivillige på Kafe Tiaren samla om lag 30 gjester.

På samlinga i går sa Henrik Lyse fram helsing frå styret og takka alle som gjer at Kafe Tiaren er eit vellukka prosjekt,. Kafeen vert sett pris i bygda, men og av gjester frå nabobygdene.

Svein Rimestad prøvde i si helsing å finna ut kven som går på Kafe Tiaren. Dei fleste er pensjonistar, men nokre er mødrer med fødselspermisjon som tek borna med seg og kjem i samla flokk. Elles har vi dei spreke som samlast kl. 11 og går turen sin før kafebesøket. Så kjem dei som ikkje orkar å gå tur, ein kjerneflokk som kjem kvar gong og som sit på same bordet.

Faste gjester er også to menn frå Husnes som kjem i god tid før kl. 11, kjøper sin mat og som går straks etter. På sommaren kjem ofte ei internasjonal sykkelgruppe innom. Ein fast gjest, også på sykkel, har sin faste plass i sofakroken. Ei stor og stabil gruppe er dei som kjem med fylgle og som treng litt hjelp i kvardagen. Så må vi ikkje gløyma dei som ser til at alt fungerer og er på kjøkken og bak disken.

Med snittar frå Elins, kake og blomehelsing gjekk alle heim og var vel nøgde med årsfesten.

Husorkesteret Rustne Menn deltok med song, musikk og tonefylgje til allsongane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal